



## Notat

Dato: 04.03.2015  
Arkivsak: 2014/14561-76  
Saksbehandlar: marrods

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Fylkestinget sitt vedtak av regional plan for attraktive senter i Hordaland 10.12.2014 - Klargjering**

Fylkestinget vedtok i 10. desember 2014 regional plan for attraktive senter. Det er trong for å klargjere innhaldet i nokre av punkta i vedtaket.

#### **Punkt 1. Fylkestinget vedtek regional plan for attraktive senter som var lagt ut på høyring 20.mai 2014.**

Revidert planforslag som var vedlagt fylkestingssaka var datert 30.10.2014. Den inneheldt ei rekkje endringar som følgje av høyringa. Vi tolkar fylkestinget sitt vedtak slik at det er den reviderte versjonen som er vedtatt, men med unntak av det som gjeld bydelssenter i Bergen og føresegner for handel der høyringsforslaget datert 20.mai 2014 blir lagt til grunn og endra slik som angitt i punkt 2a og 2b i vedtaket. Dette blir omtalt under.

#### **Punkt 2 a) Fylkeskommunen ser ikkje grunn til å endre forslaget i plan. Det er liten tvil om at Åsane og Lagunen fyller ein regional funksjon og må vere regionale senter.**

Dette må tolkast som erstatning for 1 a i fylkesrådmannens forslag til vedtak og omhandlar bydelssenter i Bergen kommune sin funksjon. Vi legg til grunn at Fylkestinget vil endre status for Åsane og Lagunen frå plan datert 30.10.2014 slik at desse også får ein regional funksjon.

Vi vil endre tekstdokumentet slik at dette kjem klart fram. I oversynet over bydelssenter i Bergen vil vi trekkje ut desse to stadene slik at det blir klårt at dei har ein annan funksjon enn andre bydelssenter og vert benevnt som regionale senter i tabell og kart.

#### **Punkt 2b) Fylkeskommunen ser ingen grunn til å ha strengare arealreglar enn statens krav gitt i lover og forskrifter.**

Dette må tolkast som relatert til føresegner om handel i kapittel 4 som er omtalt i fylkesrådmannens innstilling punkt 1 b. Høyringsforslaget er bearbeidd fram til forslaget vart lagt fram for fylkestinget.

Intensjonane har vore å gjera føresegnene lettare å tolke og meir juridisk konsistente. I høve til høyringsforslaget er dei strengare når det gjeld areal på to punkt:

1. Grensa for tillatt areal utanfor senter er sett ned frå 3000kvm til 1500kvm slik som i gjeldande plan for Hordaland. Dette kan seiast å vera strengare enn dei nasjonale føresegnene.
2. Grensa for når arealgrensen slår inn er endra til «samla areal» ikkje «samla nytt areal». Dei nasjonale statlege reglane er knytt til samla areal. Den endra formuleringa er såleis ikkje strengare enn statlege reglar, men like.

Vi tolkar dette slik at fylkestinget endrar grensa frå 1500 til 3000 vil reglane vera i samsvar med høyringsforslaget og ikkje strengare enn statens krav gitt i lov og forskrift. Når det gjeld samla areal tolkar vi vedtaket slik at dette oppfyller fylkestingets intensjon om ikkje å vera strengare enn nasjonale reglar og vil i praksis vera mindre strengt fordi vurderingane er knytt til ein aktuell reguleringsplan eller eitt aktuelt byggeløyve/rammeløyve.

**Punkt c) Fylkestinget vedtek derfor høyringsutkastet sine formuleringar på desse tema.**

Dette er nærare omtalt i punkt 2a og b. Vi tolkar punktet slik at ein kan behalda dei utbetringar av føresegna som ikkje påverkar fylkestingets intensjon.